Plan for Børnes skal drøftast med interesserte

18.03.2011



20 mål innover frå fylkesvegen er no kalkulert.

Kommunen har i dei siste åra fått ei rekkje førespurnadar om ledig industriareal på Børnes.
Difor har dei no laga ein kalkyle på nedsprenging og etablering av 20 dekar ferdigplanera tomt mellom fylkesvegen og det område som i dag er utbygd.

Saksbehandlar Jarle Fossheim opplyser dette i eit brev han no har sendt til firma som har etterspurd areal.
Før kommunen går vidare i prosessen ynskjer dei å drøfta prosjektet med desse.
Her kan det vera aktuelt å gå inn på arealkostnad, tomtestorleik, vegframføringar og festing/kjøp.

Fossheim inviterar firma som har vist interesse til eit møte i kommunen fredag 25. mars.

Han presiserar at prosjektet krev politisk forankring og løyving hvis det skal gjennomførast.

Av Ola Matti Mathisen

Jarle Fossheim orienterar politikarar på Børnes, (Foto: Ola Matti Mathisen)